



Fjell kommune

Kartlegging av overvatn og flaum i Fjell kommune

Utgåve: 2

Dato: 03.11.2017

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjevar:	Fjell kommune
Rapporttittel:	Rapport - kartlegging av overvatn og flaum
Utgåve/dato:	2/ 07.11.2017
Filnamn:	Rapport – kartlegging av overvatn og flaum.docx
Arkiv ID	
Oppdrag:	612789-01–Kartlegging av overvatn og flaum i Fjell kommune
Oppdragsleiar:	Øyvind Sundfjord
Avdeling:	Analyse og utredning
Fag	VA-utgreingar og forvaltning
Skrive av:	Øyvind Sundfjord, Ingri Dymbe Birkeland, Christian Hestnes og Rune Fanastølen Tuft
Kvalitetskontroll:	Tom Monstad
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

FORORD

Asplan Viak har vore engasjert av Fjell kommune for å kartleggje noverande og framtidige utfordringar knytt til overvatn og flaum i kommunen. Andreas Moen (plan og utbygging) har vore kontaktperson i Fjell kommune for oppdraget. Lene Takvam (plan og utbygging), Leidvin Aakre (Eiendomsseksjonen) og Stig Hagenes (Fjell VAR) har også delteke i arbeidet.

Øyvind Sundfjord har vore oppdragsleiar for Asplan Viak. Andre medarbeidarar i firmaet har vore Ingri Dymbe Birkeland, Christian Hestnes, Rune Fanastølen Tuft og Tom Monstad.

Bergen, 03.11.2017

Øyvind Sundfjord

Oppdragsleiar

Tom Monstad

Kvalitetssikrar

INNHALD

1	Samandrag.....	4
1.1	Tilrådingar	5
2	Innleiing, om aktsemdkart generelt.....	6
2.1	Nedbør og klima.....	7
2.2	Hydrologi.....	8
2.3	Overvasshandtering	8
3	Metode og føresetnader	10
3.1	Terrengmodellering	10
3.2	Avrenningsanalyser (potensielle flaumvegar)	10
3.3	Utrekning av flaumsoner (overfløymingsareal)	10
3.4	Stormflo.....	11
3.5	Usikkerheit i terrengmodelleringa	11
3.6	Usikkerheit i modelleringa av flaum	12
4	Resultat av kartlegginga	13
4.1	Kva kan ein lese av aktsemdkarta?.....	14
4.2	Forslag til tiltak basert på aktsemdkartet	18
4.3	Prioritering av tiltak.....	27
4.4	Korleis kan analysane brukast vidare	27
5	Den planmessige handteringa av overvatn i Fjell kommune	29
5.1	Regelverk.....	29
5.2	<i>Aktuelle NOU-er og Stortingsmeldingar</i>	30
5.3	Styringsdokument i Fjell kommune.....	31
5.4	Dagens praksis i plan og byggesaksbehandling i Fjell kommune	33
5.5	Forslag til tiltak for oppfølging av overvasshandtering i plan- og byggesakshandsaminga i Fjell kommune.....	35
6	Bibliografi	37
7	Vedlegg:.....	38

1 SAMANDRAG

Målet med prosjektet har vore å utarbeida eit kunnskapsgrunnlag for politikarar, administrasjon og utbyggerar, der ein identifiserer sentrale utfordringar knytt til overvatn og flaum. Både noverande og framtidige utfordringar er ønskjeleg å få belyst, noko som betyr at framtidige klimaendringar og auka nedbør er tatt omsyn til i analysane. Ei kartlegging av utfordringar knytt til overvatn og flaum er todelt:

- Ei kartlegging med vekt på fysiske utfordringar, og som endar opp med eit aktsemdkart.
- Ein analysedel, som fokuserer på utfordringar med den planmessige handteringa av overvatn i kommunen

Aktsemdkartet er utarbeida med utgangspunkt i avrenningsanalysar i ein kommunedekkande terrengmodell. Kartet gir ein oversikt over potensiell flaumfare i heile kommunen. Kartet angir altså kvar ein skal vere aktsam for flaumfare, men seier ikkje noko om kor ofte det vil skje, eller kva omfang ein flaum vil ha – slik det kan bereknast i meir detaljerte flaumsonekart. Stader som krev ekstra merksemd er avmerka og nummererte og det gjeld særleg følgjande områder:

- Kritiske avrenningspunkt (som regel der store avrenningslinjer kryssar veg/kulvert)
- Flaumsoner (overfløymingsarealet når overvassleidningar og kulvertar går fulle).
- Forseinkingssoner (terrengformasjon der det ikkje er noko naturleg utløp)

Aktsemdkartet gir ikkje grunnlag for konkret tiltaksplanlegging/dimensjonering. Når det likevel blir fokusert på mogleg førebyggjande tiltak i denne kartlegginga, så dreier det seg om generelle vurderingar/ forholdsreglar i problematiske område. Det trengs meir detaljerte studiar for å gjere endeleg val av tiltak.

Utfordringane med den planmessige handteringa er analysert med utgangspunkt i samtale med sentrale personar i aktuelle fagmiljø. Deira erfaringar er vurdert opp imot gjeldande regelverk og rettleiarar, som presenterer ulike verkemiddel for å førebyggje skadar og samtidig utnytte overvatn som ressurs. Eit gjennomgangstema i rettleiarane er tilrådingar om tidleg planlegging og overordna planar som legg premisser for overvasshandtering ut over den enkelte reguleringsplan i utbyggingsområda. Kommunen kan aktivt gjere bruk av dei moglegheitene som ligg i plan- og bygningslova, teknisk forskrift (Tek 17) og vassressurslova (§7) for å kunne stille krav til god og framtidiretta overvasshandtering. Ein føresetnad er at plan- og byggesaksetatane har kompetanse om kva som er gode planmessige og driftsmessige grep.

I Fjell kommune er mykje av VA-kompetansen flytta ut frå kommunens administrasjon og samla i eit eige selskap, FjellVAR AS. Handtering av overvatn ligg ikkje innanfor FjellVAR sitt primære ansvars- og arbeidsområde, men gjeldande praksis har likevel vore ei viss arbeidsdeling mellom administrasjon og FjellVAR.

Sjølv om dei overordna styringsdokument langt på veg er til stades, er vårt inntrykk at det manglar ein del før regelverket er fullt ut implementert i organisasjonen. Med aukande fokus på overvatn, både tilknytt plan- og byggesakshandsaminga og kommunen sitt ansvar for å ivareta samfunnstryggleik, er det viktig at ansvarsforhold og rutinar knytt opp mot overvasshandtering er eintydige. Her har Fjell kommune ein jobb å gjere.

1.1 Tilrådingar

Tilrådingane frå dette prosjektet kan oppsummerast i følgjande 3 hovudpunkt:

- 1) Følgje opp tiltakslista som er basert på aktsemdkartet (sjå ovanfor). Dette handlar om tiltak i følgjande kategoriar:
 - Halde vassveg open
 - Halde overvassystem opent
 - Sjekke kapasitet på lukka vassystem
 - Vurdere bygging av flaumvern
 - Varsle aktuelle eigarar av bygg
 - Unngå utbygging
 - Restriksjonar på utbygging
 - Tilrådingar om fordrygingar

Forslag til prioriterte område er angitt i kap. 4.3. Dette er område i kommunen som er karakterisert av både potensiell høg vassføring og tett busetnad, og bør kontrollerast først med omsyn til kapasitetsbehov, moglege arealkonfliktar i overfløymingsarealet, og behov for restriksjonar.

- 2) Gjere aktivt bruk av aktsemdkartet i planlegginga
 - Aktsemdkartet bør brukast som grunnlag for fastsetting av omsynssone for flaum i kommuneplanens arealdel
 - Avrenningslinjer (potensielle flaumvegar) bør brukast som innleiande verktøy i utforminga av VA-rammeplanar, dvs. korleis vurdere overvassystem og driftsrutinar for kritiske punkt i reguleringsplanforslag.
 - Flaumsoner og avrenningslinjer (potensielle flaumvegar) bør brukast aktivt i ROS-analyser
 - Kommunens eigne erfaringar knytt til dei kritiske punkta i tiltakstabellen bør systematisk registrerast
- 3) Styrke den planmessige handteringa av overvatn i kommunen. Konkret handlar det om følgjande tiltak :
 - Tilføre VA-kompetanse (og kapasitet) knytt til handtering av overvatn i avdelingane som handsamer plan- og byggesaker
 - Avklare rutinar for uttale og behandling av VA-rammeplanar, som del av plan- og byggesak
 - Utarbeide nødvendige sjekklister knytt opp mot overvasshandtering for byggesaksbehandling
 - Utarbeide kvalitetskrav til «as-built» dokumentasjon for alle nyanlegg
 - Sette krav om overleveringsforretning for alle offentlege anlegg
 - Kvalitetssikre informasjon i gjeldande leidningskartverk, spesielt den som gjeld eigarinformasjon og med det driftsansvar (offentleg eller privat)


Som referanse for tilrådde tiltak blir vist til Bergen kommune sitt regelverk på dette området. Det er krevjande, men ryddig og føreseieleg for dei ulike aktørar i ei plan- og byggesak.

2 INNLEIING, OM AKTSEMDKART GENERELT

Kommunen har ansvar for å kartlegge og ta omsyn til flaumfare i sine kommune- og reguleringsplanar. Den juridiske forankringa ligg i plan- og bygningslova med tilvising til *TEK17 §7-2: Sikkerhet mot flom og stormflo*. Ved å ha ein god kartlegging av flaumfaren langs kommunens elver og bekkeløp, kan ein i større grad få ein god og berekraftig planlegging av arealutnyttinga med omsyn til eit forventa våtare klima i framtida.

Når ein planlegg areal med sikte på utbygging må det takast omsyn til tryggleikskrava, først og fremst ved å unngå utbygging i område som ikkje har god nok tryggleik mot naturfarar. Dersom kommunen likevel vel å godta utbygging i fareutsette område, må kommunen vurdere korleis ein kan oppnå god nok tryggleik for busetnaden, og gje føresegner som tek vare på tryggleiken, til dømes krav om risikoreduserande tiltak. Naudsynte sikringstiltak må dimensjonerast slik at tryggleikskrava i TEK17 vert oppfylte.

NVEs *Flaum og skredfare i arealplanar* (NVE, 2014) rådar til følgjande trinnvise prosedyre med aukande detaljeringsgrad for utgreiing av flaumfare:



Dette oppdraget har hatt som mål å utarbeide aktsemdskart for flaumfare på kommuneplannivå.

Aktsemdskart for flaum viser altså områder kor det potensielt kan vere fare for flaum, altså der ein skal vere aktsam for flaumfare. Eit aktsemdskart talfester ikkje sannsynet for ei flaumhending eller seier noko om gjentaksintervallet. Aktsemdskartet viser primært kvar vatnet kan renne på avveggar, men ikkje noko om kor ofte det vil skje eller mengde vatn. Eit aktsemdskart kan brukast som grunnlag for fastsetting av omsynssone for flaum (Jon Røstum, 2014)

Primært vil aktsemdskartet kunne nyttast til å legge rammer for arealutnyttinga i kommunen. I omsynssona for flaum bør det vere restriksjonar for utbygging, og i mange tilfelle bør det unngåast utbygging i denne sona. I dette prosjektet er det valt å anbefale restriksjonar på utbygging i omsynssona sidan metodikken inneheld ein del usikkerheiter, sjå avsnitt 3.5 og 3.6. Andre parametarar som til dømes grunnforhold vil også kunne påverke om utbygging kan tillatast, og dette er ikkje inkludert i aktsemdskartet for flaum. Viss det er aktuelt med utbygging innafor ei omsynssone vert det råda til at utbyggar gjer meir detaljerte analyser av flaumfaren for den spesifikke elva.

I tillegg til omsynssonene for flaum viser aktsemdskartet avrenningslinjer i terrenget. Desse linjene har eit tilhøyrande oppstraums areal som bidrar med avrenning. Dess lengre nedover i vassdraget eller avrenningslinja ein kjem, dess større oppstraums areal tilhøyrer det, og dermed større vassmengde som vil kunne renne der. Avrenningslinjene i aktsemdskartet viser dei naturlege flaumvegane i terrenget når det eksisterande leidningssystemet for overvatn, inkludert stikkrenner, er ute av drift. Denne kunnskapen kan nyttast til å planlegge overvasssystem og driftsrutiner for kritiske punkt.

2.1 Nedbør og klima


Nedbøren er venta å auke merkbar fram mot slutten av hundreåret. Som følge av oppvarming av lufta vil det kunne komme både større mengder, meir intens nedbør og hyppigare kraftig nedbør. For Hordaland er det venta følgjande nedbørauke over året:

- Vinter: 15 %
- Vår: 10 %
- Sommar 10 %
- Haust: 15 %

(Norsk klimaservicesenter, 2016)

I rapporten *Klimaendring og framtidige flommer i Norge* er det gjort ein studie av korleis den forventede nedbørauken vil påverke flaumstorleikane i framtida (Lawrence, 2016). Figur 1 viser den forventede median prosentvis endring i 200-års flaum frå 1971-2000 til 2071-2100. Det er venta størst auke i flaum (og nedbør) i dei fjellrike områda litt innafør kysten.

Mange av nedbørfelta til vassdraga i Fjell kommune er små og får dermed hurtig avrenning, truleg under 3 timar. I desse tilfella vert det råda til å legge på 40 % i framtidig nedbør. Ved større vassdrag og/eller vatn som fordrøyar avrenninga er det truleg lengre avrenningstid og eit klimapåslag på ca 20 % er meir nærliggande, basert på framskrivingane i «Klimaprofil Hordaland 2100» frå Norsk klimaservicesenter. Metodikken som aktsemdskartet er utarbeida frå gjev ein såpass stor overestimering av flaumvasstand at det vert rekna at klimapåslaget er inkludert, jmf. avsnitt 3.3. Det er ikkje gjort eigne utrekningar av storleiken på klimapåslaget i dette prosjektet.




Figur 1: Forventa median prosentvis endring i 200-års flaum frå 1971-2000 til 2071-2100 i Hordaland (Lawrence, 2016)

2.2 Hydrologi

Eit kvart punkt langs ei dreneringslinje har eit tilhøyrande nedbørfelt, som er det arealet som bidrar med vatn til det aktuelle punktet. Mengda vatn og kor fort vatnet renner til bekkeløpet/drenslinja er avhengig av dei fysiske eigenskapane til nedbørfeltet. Storleiken på feltet er mest utslagsgjevande. Hellinga på feltet seier noko om kor hurtig avrenning ein har. Innsjøar og myrområde fordrygar vatnet og reduserer og forseinkar flaumtoppen. Dess lengre ned i vassdraget ein har slike fordrygings- og magasineringselement, dess betre effekt får ein. Vidare har terrengoverflata stor tyding for om vatnet kan infiltrerast til grunnen eller om det vil renne på overflata. Tette dekker som tak og asfalt gjev større og raskare avrenning enn naturlege dekker.

2.3 Overvasshandtering

På bakgrunn av desse hydrologiske nøkkeltunnskapane er det utarbeida ein 3-ledds strategi for korleis vatn bør handterast i ulike nedbørssituasjonar. Merk at nedbørtalla i figuren er kun meint som eksempel og vil variere frå stad til stad:



Figur 2: 3-ledds strategi for god overvasshandtering (Oddvar Lindholm, 2008)

Som figuren viser så er det 3 nivå for god overvasshandtering. For små til normale regnskyll bør alt vatnet kunne verte infiltrert i terrenget, enten naturleg eller ved ulike infiltrasjonsløyningar, til dømes grønne tak og regnbed. Når det regnar mykje bør terrenget ha mogelegheit til å forseinke og fordrøye det vatnet som ikkje vert infiltrert til grunnen. Her er det myrområder og innsjøar som gjer jobben frå naturens side. Eventuelt kan fordrygingsanlegg etablerast, enten i grunnen eller som breie, grunne, grasdekte grøfter. Når det vert ekstreme nedbørhendingar der fordrygingskapasiteten vert overstige skal vatnet kunne renne i trygge flaumvegar til utløp i sjø eller til annan resipient.

Ein trygg flaumveg er ein definert/planlagt veg der vatnet gjer minst mogeleg skade eller er til fare for folk. Flaumvegen har gjerne tilhøyrande flaumsoner der vatnet kan ligge til det trekker seg tilbake.

Ordinære overvassanlegg vert helst dimensjonert for nedbør med gjentakintervall på 10 til 50 år. Sterkare nedbør enn dimensjoneringsgrunnlaget fører til overbelastning av overvasssystemet. Det kan då oppstå ukontrollert avrenning av flaumvatn. I urbane område kan dette medføre store skader. Vegar kan verte skylde bort, det skjer utrasingar og det kan oppstå skadar på bygningar.

Behovet og argumenta for å etablere opne, trygge flaumvegar i urbane område har auka sterkt i dei seinare åra:

- Merkbare klimaendringar som allereie har skjedd og prognosar på ytterlegare klimaforverringar i resten av dette hundreåret.
- Befolkningsvekst som medfører auke i tette flater.
- Avgrensa kapasitet i avløpsleidningsnett i urbane områder som fører til at overskotet av overvatn som nettet ikkje kan frakte bort, flaumar ut og fører til store skadar. Å auke kapasiteten til det eksisterande avløpssystemet er svært kostbart og det kan unngåast ved å etablere LOH-løysingar (lokal overvasshandtering) og opne, trygge flaumvegar.
- Ved å etablere opne flaumvegar kan ein få på plass attraktive nye område for rekreasjon, biologisk mangfald og ny blå-grøn infrastruktur, ved eksempelvis opning av tidligare lukka bekker. (Lindholm, 2016)

3 METODE OG FØRESETNADER

3.1 Terrengmodellering

For å kunne gje eit mest mogleg nøyaktig resultat i flaumkartlegginga har det i dette prosjektet blitt brukt laserdata for terrengmodellen. Laserdataene er blitt filtrert slik at det berre er punkta som tilfredsstillar krav til terrengflate (type refleksjon) som er blitt brukt til å generere modellen. Modelleringa vert utført ved å leggje ut eit rutenett på 1x1m, for så å ta gjennomsnittet av lasermålingane i kvar rute til å definere den aktuelle høgda.

3.2 Avrenningsanalyser (potensielle flaumvegar)

Avrenningsanalyser tek utgangspunkt i eit tett system. Dersom eit område ikkje har naturlege utløp, vil avrenningsanalysa vise kvar vatnet vil renne over når området blir fylt med vatn. Områda som ikkje har naturlege utløp, er blitt synleggjort ved ei analyse av kvar det er forsinkingar i terrengmodellen.

Avrenningslinjer (potensielle flaumvegar) vert utrekna ut frå terrengmodellen ved at kvar celle i rutenettet vert kontrollert opp mot sine naboar for å finne kva for ei celle som er lågast. Den lågaste cella vil bli den som mottar vatn frå sine naboceller. Alle cellene vert så talt opp for å gje den akkumulerte mengda avrenningsareal, dvs. alt oppstrams areal ovanfor den enkelte celle.

I det ferdige aktsemdskartet er dei viktigaste avrenningslinjene viste, dvs avrenningslinjer som har meir enn 1 ha oppstrøms areal. Karta ville ha blitt overfylt med informasjon om også dei underordna avrenningslinjene skulle ha blitt vist.

3.3 Utrekning av flaumsoner (overfløymingsareal)

Når ein skal rekne ut omsynssoner for flaum, vert det brukt eit formelsett frå NVE for å definere kor høg vasstanden blir, ut frå storleiken på tilrenningsarealet. (NVE, 2015)

Formlane for utrekning av flaumhøgde er slik:

0-1 km ² :	$dH(m) = 2m$
1-500 km ² :	$dH(m) = 0,965 \ln(\text{areal}) + 2$
>500 km ² :	$dH(m) = 8$

På det lågaste intervallet for berekning av høgde er det blitt berekna ein normalisering slik at det ikkje blir fullt utslag allereie ved toppen av avrenningsfeltet.

På grunn av dei store areala som skulle dekkast i denne analysen vart det brukt eit 2x2m rutenett for terrengmodellen. Ein vurderte det slik at fordelten av å ha ein samanhengande modell for heile kommunen var viktigare for eit godt resultat enn den noko høgare oppløysinga ein kunne fått ved å fragmentere analysen.

Metodikken baserer seg på erfaringstal frå norske vassføringsmålingar i norske vassdrag, der ein har sett på om det er ein samheng mellom den estimerte 500-års flaumen og storleiken på nedbørfeltet. Dei fleste målepunkta som har inngått i analysen til NVE har vore felt som er over 10 km² og difor er metoden særleg usikker for små felt. Metodikken gjev i 98 % av alle tilfelle ein overestimering av vasstandsstigning, og det vert difor rekna med at ein auke i flaumstorleik som følge av klimaendring er inkludert i resultatet frå formelverket. (Ivar. O. Peereboom, 2011)

3.4 Stormflo

Stormflo oppstår når påverknad frå veret gjer vasstanden i sjø ekstra høg. Særleg luftrykksending og vind påverkar vasstanden.

Når flaumfare skal vurderast i elver/bekkeløp med utløp i sjø er det vanleg å kombinere flaumfaren med den stormflo-storleiken som teoretisk sett kan opptre 1 gong per år. Ved meir detaljerte kartleggingar av flaumfare kan det vere aktuelt å heller nytte eit større gjentaksintervall dersom ein har observert og dokumenterte hendingar som tilseier at stormfloa står høgare enn dette, samstundes som ein har ein ekstrem nedbørhending. For Fjell kommune er det forventa ein havnivåstigning på 72 cm fram mot år 2100 som følgje av klimaendringar. Det er då teke utgangspunkt i det høgaste utsleppsscenarioet, RCP8.5. Dette er i tråd med anbefalingane i rettleiaren *Havnivåstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunal planlegging*. (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), 2016)

I følgjande tabell er framtidige stormflo-nivå for ulike gjentaksintervall opplista.

Sikkerheitsklasse etter TEK17 §7-20	Gjentaksintervall (år)	Framtidig stormflo inkl klimaendring (havnivåstigning) (meter over middelvatn – NN2000)
F1	20	1,9
F2	200	2,0
F3	1000	2,1

3.5 Usikkerheit i terrengmodelleringa

Ved å bruke laserdata som grunnlag for terrengmodellen oppnår ein stor nøyaktighet ved at ein også får inn høgder frå terrengdetaljar som ikkje blir fanga opp på eit vanleg kotekart med 1 meter ekvidistanse. Slike terrengdetaljar, sjølv om dei er små, kan ha ein sterk styrande effekt på avrenningsmønsteret. Det som likevel kan være ein unøyaktighet i terrengmodellen ved bruk til avrenningsmodellar, er at lasermålingar ikkje ser forskjell på ein veg som går på terreng og ein veg som går på bru. Terrengmodellen kan dermed gje inntrykk av at vegen representerer ein avsperra «vegg» i eit område som eigentleg har god plass til å vidareføre vassmengdene.

Slike situasjonar må handterast manuelt i terrengmodellen, og kan dermed i enkelte tilfelle bli oversett.

3.5.1 Spesielt om området rundt Storavatnet.

Nedbørfeltet rundt Storavatnet på Kolltveit er eit eksempel på område der terrengmodelleringa i seg sjølv ikkje gjev eintydige svar på korleis vatnet vil renne i ein flaumsituasjon.

Den normale vassvegen frå Storavatnet går austover, gjennom vegfyllinga til Rv 555, og nedover mot industrihuset ved sjøen på Kolltveit. For denne vassvegen er det rekna ut flaumsone, som visest i aktsemkartet.

Det er imidlertid viktig å vere klar over at den normale vassvegen gjennom vegfyllinga ved Storavatnet kan gå tett, og då vil vatnet renne over lågaste punkt på riksvegen, som ligg ein heilt annan stad – dvs heilt i nord, der vatnet heiter Nordrevatnet. Området nord for Træsвика kan då blir ramma av ein flaum.

I tidlegare tider var forøvrig Halgjevatnet (sør for Storavatnet) oppdemt slik at vatnet derifrå rann nordover. Demningane ved Halgjevatnet er no ikkje i bruk, men representerer framleis eit kritisk punkt med tanke på mogleg overfløyning av Fv 555 langs Halvgjevatnet.

3.6 Usikkerheit i modelleringa av flaum


Formelverket til NVE er i utgangspunktet tenkt nytta på mykje grovare terrengmodellar enn den som er produsert for dette prosjektet. Omsynssonene har dermed ein høgare oppløysing og vil følge terrenget meir nøyaktig, enn det som er tilfelle i NVE sine landsdekkande kart. Dette må likevel ikkje forvekslast med nøyaktigheita i ein flaumsonekartlegging der ein nyttar hydrauliske modellar for å rekne ut flaumhøgder og overfløymingsareal..

Formelverket er hovudsakleg utarbeida frå data frå større felt enn det som er hovudregelen i Fjell kommune. Formelverket er vurdert å vere konservativt og det vert lagt til grunn at klimapåslaget er inkludert i overestimeringa.


4 RESULTAT AV KARTLEGGINGA

Det er utarbeida ein detaljert, rasterbasert terrengmodell (sjå kap. 3), og denne er brukt til å gjere avrenningsanalysar som dekker heile kommunen. Berekninga gjev to viktige resultat: Avrenningslinjer (potensielle flaumvegar) og flaumsoner (overfløymingsareal). Sjølve framstillinga av aktsemdkartlegginga er gjort kartbladvis i målestokk 1:5.000 for alle eksisterande og planlagde utbyggingsområde i kommunen. Dekningsområdet er definert ut frå kommuneplanens arealdel 2015-2026, i tillegg til tettstaddefinisjonen frå SSB. På dei detaljerte karta er gjort ein systematisk jobb med å påvise viktige avrenningspunkt (nummererte), som er kritiske stader å halde vassvegen open. Kartutsnitta er utgangspunkt for tiltakslista i kap 4.2.

Kartutsnitta i målestokk 1:5.000 (sjå oversikta nedanfor) er samla i eit eige vedlegg, og i tillegg er flaumsonene og avrenningslinjene tilgjengeleg som saumlause kartlag i kommunens kartsystem.




4.1 Kva kan ein lese av aktsemdkarta?




Ovanfor er det vist teiknforklaring, og eit utsnitt av dei detaljerte aktsemdkarta. Utsnittet viser nokre typiske problemstillingar, der det er viktig å bruke kartet på rett måte:

- 1) Kritisk avrenningspunkt nr 20: Dette er eit kryssingspunkt mellom ein veg og ei lita elv. Elva renn vanlegvis i kulvert/bru, men dersom det skulle bli ei oppstuvning her, så vil det kunne bli eit overfløymd areal på oversida av brua – markert med blå farge på arealet. Vatnet vil til slutt fløyme over vegen, og følgje den raude linja, som viser kvar flaumvegen går dersom dei normale elveløpa går tett. Raud linje viser forøvrig at oppstrøms tilrenningsareal er stort (over 100 ha).
- 2) Flaumsone (blå farge, nr F10): Dette er overfløymingsarealet ved ein 500-årsflaum, gitt at overvassleidningar og kulvertar går fulle. Flaumhøgda er berekna ut frå formelverket som ligg til grunn for NVE's aktsomhetskart, og utbreiinga av flaumen er basert på GIS-baserte terrenganalysar.
- 3) Forsenkning i terrenget (lys raud farge, nr 26): Dette er ein terrengformasjon der det ikkje er noko naturleg utløp, bortsett frå eventuell kulvert/røyr ut frå forsenkninga. Alle slike naturlege forsenkningspunkt vil raskt bli overfløymde ved mykje nedbør, og er derfor markert i kartet. Dei forsenkningane som er større enn 1 dekar i utstrekning, er nummererte – slik at dei kan omtalast i tiltakstabellen, dersom det ligg bygg eller kritisk infrastruktur på desse stadene.

- 4) Overvannsleidningane (grøn farge) viser andre stader som kan vere kritiske for avrenningssituasjonen. Ikkje alle overvannsleidningar har stort oppstrøms tilrenningsareal, men det er likevel viktig at kummar/slukar fungerer tilfredsstillande. I bustadfelt er det mykje tette flater, slik at avrenninga vil skje fortare enn på naturmark. Betydningen av å halde kummane opne er difor større enn det avrenningsmengdene skulle tilseie. Kummar som ligg i nærleiken av oransje og raude avrenningslinjer (stort tilrenningsareal), som er spesielt viktig å ha fokus på – sjå f.eks dei markerte kummane på kartet.
- 5) Sone for stormflo
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) publiserte i 2016 ein rettleiar for korleis ein skal ta omsyn til framtidig havnivåendring og stormflo i kommunal planlegging, "Havnivåstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunal planlegging". For Fjell kommune gjeld det at 200-års stormflo i 2100 (dvs. inkl klimaendring) vil vere **2,03 m over kote 0**, med NN2000 som referansesystem.



Figur 3: Dette oversiktskartet viser dekningsområdet for alle kartutsnitta som er utarbeida. Det framgår også av kartet kvar dei viktigaste avrenningslinjene er. Vidare er det også gjort ei markering av alle dei kritiske avrenningspunktka og overvannshandteringa i tettbygde strøk. Dette visast meir detaljert i utsnittskarta i vedlegg.



Figur 4: Oversiktskart som viser grensene for dei største nedbørfelta i Fjell kommune. Kartlegginga omfattar alle utbyggingsområde i kommunen, og ikkje berre dei største nedbørfelta.

4.2 Forslag til tiltak basert på aktsemdkartet

Aktsemdkartet er eit kart på oversiktsnivå som viser kva areal som kan vere utsett for flaumfare. Kartet er ikkje heilt nøyaktig, men er godt nok til å gje ein indikasjon på kvar flaumfaren bør vurderast nærare, dersom det er aktuelt med ny utbygging. Informasjonen i kartet kan nyttast som eit første vurderingsgrunnlag i konsekvensutgreiings- og/eller risiko- og sårbarheitsanalysar knytt til kommuneplanen og for å identifisere potensielle fareområde for flaum. Dei potensielle fareområda kan leggjast til grunn ved fastsetjing av flaum-omsynssoner og planføresegner.

Tiltaksvurderingar vert normalt gjort med utgangspunkt i flaumsonekartlegging, og ikkje med utgangspunkt i aktsemdkartet. I motsetnad til aktsemdkartet vil eit farekart for flaum definere konkrete risiko-område, som blir utsett for flaum med visse mellomrom. Ein tiltaksanalyse vil normalt rette seg mot slike konkrete fareområder, og ikkje mot aktsemdsområde. Når det likevel vert fokusert på mogleg førebyggjande tiltak i denne kartlegginga, så dreier det seg om generelle vurderingar av dei områda som potensielt kan by på problem. Dei tiltaka som her er nemnde, er å betrakte som forholdsreglar som ein må forholde seg til. Det trengs meir detaljerte studiar for å avgjere endeleg val av tiltak, og dimensjonering av dette.

Nummerering av punkt i kartet

Følgjande nummereringssystem er brukt i kart og tabell:

- Kritiske avrenningspunkt. (lilla farge, t.d. "35")
Dei punkta som er nummererte i kart og tabell, er definert som kryssingspunkt mellom veg og viktig avrenningslinje (meir enn 10 ha tilrenningsareal).
- Flaumsoner (blå farge, t.d. "F1"). Sonene er generert ut frå avrenningsmønsteret og tilhøyrande terrengmodell. Dei genererte flaumvegane som har tilrenningsareal større enn 100 ha får ei tilhøyrande flaumsone. Alle flaumsoner som kan ha konsekvensar for eksisterande eller framtidig utbyggingsområde er nummererte i kartet.
- Forsenkningssoner (raud farge, t.d. "A10"). Alle soner større enn 1 dekar, og som som kan ha konsekvensar for eksisterande eller framtidig utbyggingsområde er nummererte i kartet.

Kategoriar av tiltak

Med utgangspunkt i aktsemdkartet er følgjande kategoriar av tiltak definert:

- Halde vassveg open: Her er det viktig å halde vassvegen open, sidan denne leia er flaumveg ved store regnskyll. Ei blokkering / reduksjon i kapasitet kan føre til overfløyming. Driftsrutinar som fjerning av drivgods, rusk og skrot, fjerning av uønska vegetasjon og reinsk av innløpsarrangement bør inngå som regelmessige driftsprosedyrar. Når flaumvegen er ein veg, gjerne gjennom tettbygde strok, kan det vere aktuelt å forhøga fortauskantar, senka deler av gatestrekket og sette inn tilbakeslagsventilar mot hus som ligg tett på .
- Halde overvassystem opent: Her ligg avrenningslinja parallelt med overvasssystemet og viser kvar vatnet vil renne viss leidningar og/eller kummer er ute av drift. Det er viktig å ha kontroll på kapasitet på leidningane og at dei er godt vedlikehalde.
- Sjèkke kapasitet på lukka vassveg: Her kryssar avrenninga veg via ein stikkrenne/kulvert og avrenningslinja viser kvar vatnet vil renne viss stikkrenna/kulverten vert blokkert. Det er her viktig å ha kontroll på kapasiteten til stikkrenna og at den er godt vedlikehalde.

- Vurdere bygging av flaumvern: Her ligg det bygningar i ei flaumsone og i tillegg i eller nært ein forseinking i terrenget. Ved uttalte problem med vassinntrenging kan det vere aktuelt med flaumvern i form av terrengetilpassing, etablere flaumløp forbi bygget, vollar/murar eller auke infiltrasjons- og fordrygingskapasiteten oppstraums og rundt det aktuelle området.
- Varsle aktuelle eigarar av bygg: Huseigarar som ligg innafor ei flaumsone kan varslast for sjølve å gjere naudsynte tiltak for å hindre vassinntrenging og for gjerast merksam på funksjonen til flaumvegen slik at dei ikkje fyll- og vegetasjonsmasser i og langs flaumløpet.
- Unngå utbygging: Dette gjeld områder som ligg innanfor ei faresone for flaum og i nokre tilfelle er samanfallande med forseinkingar i terrenget. Dette arealet bør takast vare på som naturlege flaumsoner og fordrygingsareal. Ved ei eventuell utbygging i desse områda vil ein både få bygg og infrastruktur som ligg utsatt til for flaum og ein vil få auka andel tette flater. Dette kan igjen kan føre til større flaumar nedstraums.
- Restriksjonar på utbygging: Desse områda ligg i forseinkingsareal og /eller flaumfaresoner og bør utgreiast nærare i reguleringsplaner dersom arealet er tenkt verta nytta til utbygging. Det kan til dømes settast krav til VA-rammeplan, sikring av flaumveg eller fordrygingstiltak som sikrar lik avrenning frå området også etter ei eventuell utbygging. For små vassdrag (nedbørfelt < 20 km²) bør nye bygg og anlegg vere minst 20 m frå vassdraget. (Anita Andreassen, 2017)
- Kommentar – fordrygingsareal: Dette området vert tilrådd å bruke til fordryging for å redusere flaum nedover elveløpet
- Kommentar – liten/ingen tyding: Dette området ligg langt frå busetnad og påverkar lite ved dagens busetnad.

Eit viktig tilleggsmoment som også bør registrerast systematisk i tabellen nedanfor, er kommunens egne erfaringar knytt til dei ulike punkta. (Tabellen bør utvidast med ei kolonne for å gje plass til dette)

For kapasitetsutrekningar vert det råda til å legge på 20-40 % klimaendring. Dette er å rekne som ein grov peikepinn og det må understrekast at kvart enkelt tilfelle krev si spesifikke utrekning basert på nedbørfeltets karakteristika.

Kart-nummer	Punkt-nummer	Forslag til tiltak ved kritisk avrenningspunkt							
		Halde vassveg open	Halde overvass-system open	Sjekke kapasitet	Vurdere bygging av flaumvern	Varsle aktuelle eigarar av bygg	Unngå utbygging	Restriksjonar på utbygging	Kommentar
1	A4			X				X	
	35	X		X					
	F1							X	Gjeld heile flaumsona
2	A10								
	A12							X	
	A13							X	
	A14						X		
	A15							X	
	A16						X		
	A18							X	
	A19							X	
	A20							X	

Kart-nummer	Punkt-nummer	Forslag til tiltak ved kritisk avrenningspunkt							Kommentar
		Halde vassveg open	Halde overvass-system open	Sjekke kapasitet	Vurdere bygging av flaum-vern	Varsle aktuelle eigarar av bygg	Unngå utbygging	Restriksjonar på utbygging	
	31			X					
	32			X					
	33			X					
	34			X					
	F2								
	F3								
	F4								
3	A21						X		
	A22						X		
	A24							X	
	28			X					
	29			X					
	30			X					
	36			X					
	37			X					
	F5								
	F6								
	F7								
4	A26						X		Fordrygingsareal
	20			X					
	23			X					
	24			X					
	25			X					
	26			X					
	27			X					
	F8								
	F9								
	F10								
5	A42							X	
	A47					X		X	
	19			X					
	F11								
6	A59								Liten betydning
	A62							X	Fordrygingsareal
	12			X					
	13			X					
	F12								
	F13								
	F14								
7	A86						X		
	F15								

Kart-nummer	Punkt-nummer	Forslag til tiltak ved kritisk avrenningspunkt							Kommentar
		Halde vassveg open	Halde overvass-system open	Sjekke kapasitet	Vurdere bygging av flaum-vern	Varsle aktuelle eigarar av bygg	Unngå utbygging	Restriksjonar på utbygging	
	F16								
8	8			X					
	9			X					
	10			X					
	F17								
	F18								
	F19								
9	1			X					
	2			X					
	3			X					
	4			X					
	5			X					
	F20								
	F21								
	F22								
10	A166							X	Fordrygingsareal
	A179								Påverkar lite med dagens busetnads-mønster
	76			X					
	77			X					Sjekk vassveg forbi huset
	78			X					
	79			X					
	80			X					
	F23								
	F24								
	F25								
	F26								
	F27								
11	A157				X	X		X	
	A161								Ingen/liten betydning
	A164							X	
	A168							X	Liten betydning
	15			X					
	16			X					
	17			X					
	18			X					
	63			X					
	64			X					
	65			X					
	67			X					
	73			X					

